

FØREBYGGANDE PLAN 2025-2028 - FRAMDRIFTSPLAN 2026

Tiltaka under er forankra i førebyggjande plan og arbeidsmøte halde 21. november 2025.

Vedrørande rutinar

Rutinar for koordinator/barnekoordinator og IP og elles rutine for bekymringsmelding til barnevern er svært aktuelle område, og vart framheva i arbeidsmøte 21. november 2025 som noko Aukra kommune bør få på plass.

BTI-modellen

Stab arbeidar vidare med generell implementering av BTI handlingsretteleiar og stafettlogg saman med einingsleiarar i tenester som jobbar med barn, unge og deira familiar.

Tiltak 1

Utarbeide rutine for samordningsplikta, barnekoordinator/koordinator og individuell plan (IP) der opplæring inngår som ein vesentleg del av rutinen.

Arbeidet med rutinen tek til desember 2025 og skal ferdigstillast mai 2026. Fagstab for OKU ved Rita R. Hjellset og Koordinerande eining ved Tone Veбенstad, er hovudansvarleg for arbeidet.

Arbeidsprosess:

- a) Etablering av arbeidsgruppe nov 2025 (koordinerande eining, skole og fagstab OKU)
- b) Avklaring kring koordinatorrolla, opplæring og representantar i forvaltningsmøta
- c) Vidareutvikling av ansvarsgruppemøte og god møtekultur
- d) Forslag til rutine blir drøfta med tillitsvalde innan mars 2026
- e) Forslag til rutine blir sendt ut til intern høyring i sektor for OKU og HO - april 2026
- f) Gjennomgang og slutføring av rutinen i eige felles leiarmøte for OKU og HO - mai 2026
- g) Revidering av rutine for stafettlogg der samordningsplikta blir tydeleggjort - juni 2026

Tiltak 2

Alle tilsette som arbeider med barn og unge har kompetanse på risiko- og beskyttelsesfaktorar, teikn og signal som kan gi grunnlag for å oppdage utsette barn og unge.

Arbeidet med å utarbeide ein kompetansepakke tek til januar 2026. Fagstab for oppvekst og kultur er hovudansvarleg for arbeidet. Arbeidsprosess:

- a) Utarbeide grunnleggjande kompetansepakke for risiko- og beskyttelsesfaktorar, teikn og signal med utgangspunkt i nettressursen Snakkemedbarn.no innan februar 2026.
- b) Styrke tilsette sin kompetanse i risiko- og beskyttelsesfaktorar, teikn og signal ved å presentere grunnleggjande kompetansepakke i felles møtefora for dei ulike einingar. Vil bli gjennomført vår 2026.
- c) Grunnleggjande kompetansepakke på risiko- og beskyttelsesfaktorar, teikn og signal skal inn som bolc i introduksjonsdagar for ny-tilsette som skal jobbe med barn, unge og deira familiar.

Tiltak 3

Trygghetssirkelen er ein del av verktøykassa for alle tilsette i tenester for barn og unge

Arbeidet held fram i barnehage og skole og tek til i alle aktuelle tenester frå september 2026. Psykolog Marie D. Midtsund er hovudansvarleg for arbeidet.

- a) Alle tilsette som jobbar med barn og unge i Aukra kommune som ikkje har deltatt på kurs får innføring i Trygghetssirkelen.

Tiltak 4

Alle tilsette som arbeider med barn og unge har kunnskap om opplysningsplikta og avverjeplikta, og veit korleis dei skal handle for å overhalde desse.

Arbeidet med å utarbeide ein kompetansepakke tek til januar 2026. Advokat Nicolay Støren saman med fagstab for oppvekst og kultur, er hovudansvarleg for arbeidet. Arbeidsprosess;

- a) Utarbeide grunnleggande kompetansepakke for opplysningsplikt og avverjeplikt med utgangspunkt i forvaltningsretten. Vil bli gjennomført innan februar 2026.
- b) Styrke tilsette sin kompetanse i opplysningsplikt og avverjeplikt ved å presentere grunnleggande kompetansepakke opplysningsplikt og avverjeplikt i felles møtefora for dei ulike einingar. Skal gjennomførast vår 2026.
- c) Grunnleggande kompetansepakke på opplysningsplikt og avverjeplikt skal inn som bolk i introduksjonsdagar for ny-tilsette som skal jobbe med barn, unge og deira familiar.

Tiltak 5

Det skal utarbeidast felles rutinar for bekymringsmelding til barneverntenesta som skal inn i BTI-handlingsretteleiar.

Arbeidet tek til mai 2026. Fagstab for oppvekst og kultur er hovudansvarleg for arbeidet. Arbeidsprosess:

- a) Invitere helsestasjon og barneverntenesta for Molde, Vestnes og Aukra i arbeidet med å utarbeide felles rutine for Aukra kommune
- b) Eventuelle arbeidsmøte i samarbeid med involverte aktørar
- c) Utarbeide enkel rutine med flytskjema og informasjon om opplysnings- og avverjeplikt
- d) Rutinen blir gjort kjent for tilsette i tenester som jobbar med barn, unge og deira familiar
- e) Felles rutine blir lagt tilgjengeleg i Aukra kommune sin BTI-handlingsretteleiar

Vidareføring av tiltak 3 i framdriftsplan i 2025

Ferdigstilling av rutine for å førebyggje og handtere situasjonar der barn utøver vald

Arbeid starta mai 2025. Rutinen skal vere klar og i bruk innan mars 2026. Pedagogisk rådgjevar, Marianne Bolghaug (MB), er hovudansvarleg for arbeidet. Arbeidsprosess:

- a) MB utarbeider forslag til rutine
- b) Utkast til rutinen vert sendt barnehagane for gjennomlesing

- c) Utkast til rutine blir presentert i stabsmøte februar 2026
- d) Utkast til rutine blir presentert i barnehagemøte februar 2026
- e) Gjennomgang og slutføring av rutinen i barnehagemøte mars 2026